

Fra: eiveseth@online.no
Sendt: lørdag 1. april 2023 10:52
Til: sfvlpost@statsforvalteren.no
Kopi: Post Osterøy
Emne: Samanslåing av bruksnummer
Vedlegg: 501 - Krav om samanslåing - uråderett.pdf; 20230327-1963-6744-51-Hoveddokument.pdf

Til
Statsforvalteren i Vestland,
v/Terje Øverbø,
Bergen

Samanslåing av bruksnummer i Osterøy Kommune.

-
Me har søkt Osterøy kommune om å slå saman fleire bruksnummer på garden vår, G.nr 50, Br.nr. 1+3 i Osterøy. Me har fått svar frå kommunen at dette må godkjennast av Vestland fylkeskommune før bruksnummera vert samanslått. Kopi av brevet er lagt ved. Etter telefonsamtale med Fylkeskommunen, har me fått opplyst at det er Statsforvaltaren som handsamar slike saker, og me fekk opplyst at sakshandsamar kan vera Terje Øverbø. Me har prøvt å nå han på telefon, men han har så langt ikkje svara. Derfor denne e-posten.

Gnr. 50 br.nr 1+3 er to samanslåtte bruk. Bestefar min overtok br.1 i 1946 etter oldefar. I 1963 fekk bestefar overta nabobruket, g.nr 3, som då var eit dødbu. Kopi av skøytet er vedlagt. I skøytet står det m.a. at «Ei kvar frådelling frå br.nr. 3 kan, på grunn av ein «uråderett i skøytet, berre gjerast når fylkeslandbruksstyret har gjeve samtykke til dette». I følgje Osterøy kummune gjeld dette også for samanslåing av bruksnummer.

Seinare har me gjennom makebyte med br.nr. 2 overteke to parsellar som ligg inni vårt bruk. Desse parsellane har fått br.nr. 8 og 9. Vidare er det frådelt ein tilsvarande parsell frå vårt bruk som er overteken av br.nr. 2

Me ønskjer derfor no å slå saman br. nr. 1, 3, 8 og 9 til br.nr. 1.

Med helsing

Hildegunn Veseth

Kopi: Helge Clausen, Osterøy kommune